



Stolte 2.klassingar viser fram kjøkkenhagen saman med lærarane Elisabeth Amundsen og Terje Helleland.

Vi har tidlegare skrive om Sella Hjørnevåg som ønskte å engasjere seg i arbeidet rundt skulen. Noko av det ho nemnde var kjøkkenhagen. No det gjort eit flott arbeid med den, og derfor tok eg meg ein tur til 2.klasse som har vore med og planta og stelt i den. Det er tydeleg at dei er både interesserte og stolte når dei viser meg den fine kjøkkenhagen.

Det er heile skulen sin kjøkkenhage, men 2.klasse har altså vore med å arbeidd i den.

- Kva er det de har planta her, då? ville eg vita.
 - Vi har planta poteter og sukkerter, og så har vi rips og rabarbra, kunne dei unge gartnarspirene fortelja.
 - Dette ser jammen flott ut! Har nokon hjelpt dåke med det? spør eg vidare.
 - Ja, besto til Norah og dei(Sella Hjørnevåg) og Jorunn(G. Myklebust), kom det frå klassen.
- Kontaktlærer Elisabeth Amundsen supplerer med å sei at skulen er svært glad for det initiativet Sella har tatt.
- Det er både kjekt og lærerikt å ha ein kjøkkenhage. Neste år skal vi ha skulekjøkken, og då skal vi læra oss å bruka det vi haustar i kjøkkenhagen til matlaging, fortel Elisabeth vidare.

- Men kva skjer med kjøkkenhagen no når de tar ferie då?
- Då veks det! kjem det kjapt, og kanskje får dei hjelp av barnehagen og Sella til å stella den.

No ser elevane fram til å hausta av hagen når skulen startar igjen i august.

- No er vi 17 elevar i klassen, men då vert vi 18, for det kjem ein ny elev som var på besøk i går.
- No gleder dei seg nok til sommarferie, men dei kjem nok også til å sjå fram til skulestart med forventning!

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.